



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 09.12.2016  
Vår ref.: 2016/11186  
Arkivnr.: 630

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep.  
0032 Oslo

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Høringsfråsegn til NOU 2016:14

### Meir å hente - betre læring for elevar med stort læringspotensiale

Plikta til å gi tilpassa opplæring gjeld alle elevar, også elevar som presterer særleg godt og elevar som har spesielle talent og potensial til å nå dei høgaste faglege nivåa. Jøsendalutvalet har levert ei solid utgreiing og peikar på viktige utfordringar når det gjeld å tilpasse opplæringa for denne elevgruppa. Fylkesmannen i Rogaland støttar i hovudsak opp om hovudkonklusjonane til utvalet. Vi vil understreke det utvalet sjølv held fram om at det er tiltaka knytte til kompetanse og undervisningspraksis som er dei viktigaste for å nå målet om eit betre opplæringstilbod for denne elevgruppa. Vi er også heilt samde med utvalet om at segregerte opplegg i eigne klassar eller skolar bryt med grunnleggjande verdiar for skolen i Noreg – ein inkluderande skole for alle tener etter vårt syn både kvar elev og samfunnet best.

Vi har elles slike merknader:

#### Rammevilkår

Utvalet gjer framlegg om å justere teksten i § 1-3 i opplæringslova for å tydeleggjere at plikta gjeld alle elevar. Fylkesmannen i Rogaland er ikkje usamd i dette, så lenge regelen framleis er ein pliktregel og ikkje ein regel om individuelle rettar. Vi meiner likevel at det viktigaste er å utvide «repertoaret» til læraren slik at kvar lærar har eit breitt utval av reiskapar i den pedagogiske og didaktiske verktøykassa si. Vi er elles samde med utvalet sine framlegg punkt to og tre i tabell 1.1 *Utvalgets anbefalinger* om rammevilkår.

#### Kunnskap, forskning og erfaring

Fylkesmannen i Rogaland er samd med utvalet sine framlegg på dette punktet, og vi vil understreke at solide forskingsmiljø innan elevkunnskap, pedagogikk, spesialpedagogikk og didaktikk har stor betydning for kvalitetsutvikling både i lærarutdanningane og i grunnopplæringa. Slike forskingsmiljø må sikrast nok ressursar, og det må leggjast enno betre til rette for samarbeid mellom forskingsmiljøa, lærarutdanningane og praksisfeltet, slik at kunnskap og erfaring når heilt ut i klasseromma. Etter vårt syn må både nasjonale styresmakter og forskingsmiljøa sjølve ha ansvar for å formidle forskingsresultat til lærarutdanningane og til sektor.

Vi har ingen merknader til utvalet sine framlegg knytte til kompetanse og undervisningspraksis.

Med helsing

Sølvi Ona Gjøl  
utdanningsdirektør

Monica Mannes  
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Monica Mannes  
Saksbehandlar telefon: 51 56 87 38  
E-post: fmromma@fylkesmannen.no